



Møtebok Røldal fjellstyre

Tidspunkt: Måndag 27. mai 2024 kl. 1800 – 21:00

Stad: Banken

Desse møtte: Tor Helge Haara Tjemsland, Andre Botnen, Anna Seim, Anita Rabba

Forfall: Nils Vetle Medhus, Arve Hagen (vara)

Andre til stades på møtet: Eirik Dørheim (sekretær)

Publisert:

Saker til styremøtet:

Sak 26/24: Meldingssaker

Sak 27/24: Eventuelt/informasjon hendelsar frå førre møte

Sak 28/24: Søknad om samjakt frå HA290

Sak 29/24: «CWD-prøvetaking» - eventuelle lokale initiativ

Sak 30/24: Fjellstyrehytta i Ulevåbotn – vegen vidare

Sak 31/24: Leigekontraktar – stolar, beite og hytter på Haukeli

Sak 32/24: Røldalsmarknaden

Sak 33/24: Sommarsesong og reinsdyrjakt

Sak 34/24: Høyringsfrist miljørevisjon LYSE KRAFT DA

Sak 35/24: Søknad om økonomisk støtte til opparbeiding av kvileplass

Sak 36/24: Samjaktavtale mellom Ullensvang og Røldal fjellstyre

Me stadfester med våre underskrifter at møteboka samsvarar med det som kom fram på møtet.

Tor Helge Haara Tjemsland/s/

Andre Botnen/s/

Anna Seim/s/

Nils Vetle Medhus/s/

Anita Rabba/s/



Sak 26/24: Meldingssaker

Saksutgreiing:

Postliste:

2024.03.11-035.0 Ullensvang kommune - Løyve til fasadeendring uthus Eriksbu
2024.03.16-145.4 Røldal fjellstyre - Søknad om støtte frå Grunneigarfondet til div. på fjellstyrehyttene
2024.03.16-145.3 Røldal fjellstyre - Søknad om friluftsmidlar frå Ullensvang kommune
2024.03.18-057 Tilsynsutvalet - Kopi av uttale til søknad om permanent båtopplegg på Røldal statsallmenning
2024.03.18-612.3 Røldal fjellstyre - Høyringsinnspel villreinkvote Hardangervidda 2024
2024.03.19-612.3 Røldal fjellstyre - Innspel til avskytingsplan 2024 og bestandsplan 2024-2026 for Setesdal Ryfylke villreinområde
2024.03.20-612.1 Helleik Rabbe - Søknad om samjakt reinsjakta 2024
2024.03.25-612.3 Villreinutvalet - Innkalling til årsmøte i Hardangervidda villreinutval
2024.03.26-651.1 Røldal fjellstyre - Søknad til fylkeskommunen om løyve til elektrofiske i Holmavatnet
2024.04.03-612.3 Setesdal Ryfylke villreinlag - Innkalling til årsmøte
2024.04.04-016 Fjellstyresambandet - Innkalling til møte i region 4 NFS
2024.04.04-60 Redd Villreinen - Innkalling til årsmøte
2024.04.08-035.0 Statskog - Adressetildeling fjellstyrehytta ved Holmavatnet
2024.04.08-016 Fjellstyra på Hardangervidda as - Innkalling til ekstraordinær generalforsamling og styremøte i FH as
2024.04.09-612.3 Setesdal Ryfylke villreinlag - Forslag til avskytingsplan 2024 og bestandsplan 2024-2026
2024.04.16-612.3 Villreinutvalet - Protokoll årsmøte Hardangervidda villreinutval
2024.04.16-057 Statsforvaltaren - Løyve til båtopplagringsplassar på Røldal statsallmenning
2024.04.16-612.3 Villreinutvalet - Årsmelding 2023
2024.04.23-001.0 Statskog - Vedtak om fjellstyre for Breifonn statsallmenning
2024.04.24-37 NVE - Høyringsbrev for revisjonsdokument og søknadar om nye kraftverk
2024.04.24-017 Røldal Eigedom - Innkalling generalforsamling
2024.04.26-33 Statskog - Oversending av søknad om oppsetjing av LoRaWan-basestasjon ved Langevotna
2024.04.29-33 Røldal fjellstyre - Uttale til søknad om oppsetjing av LoRaWan-basestasjon ved Langevotna
2024.05.02-43 Røldal fjellstyre - Rapport bruk av motorferdselløyve i nasjonalparken 2024
2024.05.02-43 Røldal fjellstyre - Rapport bruk av motorferdselløyve utanfor nasjonalparken 2024
2024.05.06-612.3 Villreinnemnda for Setesdalsområdet - Vedtak fellingskvote Setesdal Ryfylke villreinområde 2024
2024.05.06-612.3 Villreinnemnda for Setesdalsområdet - Godkjenning bestandsplan 2024-2026 for Setesdal Ryfylke villreinområde
2024.05.08-152.0 Gjensidige - Erstatningsberekning naturskade Ulevåbotn
2024.05.14-612.3 Hjorteviltregisteret - Fellingsløyve HA 280
2024.05.14-141.9 Ahlsen - Søknad om støtte til opparbeiding av kvileplass ved Røldal bygdemuseum
2024.05.21-105 Ullensvang kommune - Fastsetting av møtetegodtgjerlse for fjellstyreperioden 2024-2027

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 481 03 170- epost: leiar.roidal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 482 70 778- epost: roidal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



Framlegg til vedtak:

Ingen.

Referat:

Tor Helge hadde ein kort gjennomgang av meldingssakene.

Innkalling til stiftinga «redd villreinen» vært lagt inn i postlista

Vedtak (sak 26/24):

Styret tek orienteringa til vitande.

Sak 27/24: Eventuelt/informasjon hendelsar frå førre møte

Saksdokument:

Saksutgreiing (THHT):

- Statskog har endeleg godkjent vår «forvaltningsmodell» av Breifonn SA. Visar til vedtaket for utfyllande informasjon.
- Fjellstyret får vidareføre ordninga med felles samarbeid om ettersøkshund med Røldal Hjorteviltvald.
- Det vert planlagt EL-prøvefiske i Holmavatnet. Det er rykter om observasjonar av fiskeyngel i bekken som kjem frå Rekkjingeskara. Tor Helge ynskjer fullmakt til å planleggje prøvefiske innanfor gode økonomiske rammer.
- Tor Helge har etterlyst svar på tidligere henvendelsar til Statskog. Resultatet av dette vart at Statskog ynskja eit fysisk møte med underteikna. Per no er framleis mykje uvisst rundt dette.
- Ein del kommunikasjon med Statskog angående basestasjonane til sau.

Gjennomført vinterarbeid:

- Plastbåtprosjekt og søppelreir
 - o Me har fått heim 8 av 9 båtar. Siste båten vert liggjande til neste år. Ein fekk òg heim mesteparten av rusket ved Reinstjødna, men det vart liggjande att noko metall rask.
- Gamlabua



- Nytt solcelleanlegg montert i hytta. Kjøp inn lite anlegg til uthuset.
- Snikker har bytta ytterdør. Det er framleis ikkje gjort noko med låssystemet her.
- Eriksbu
 - Uthuset har fått nytt tak. Det vart større utfordringar når ein skulle til med kledning. Dette arbeidet vart bestemt utsett til sommarsesongen.
- Ninive
 - Nytt kjøkken på plass
 - Utedassen er ferdig snikkert. Kun småtteri gjenstår før ein kan innvia den! (Gledar meg.)
 - Det er planlagt vaskedugnad. Har køyrt inn proviant til dugnadsgjengen.

Framlegg til vedtak:

Tor Helge får fullmakt til å gjennomføre EL-fiske i Holmavatnet.

Referat:

- Ynskje frå leiar om gode økonomiske rammer med tanke på transport av personell og utstyr i forbindelse med EL – fiske i Holmavatn.
- Tor Helge har hatt ein dialog med Statskog og ynskjer å vite kva fjellstyre kan uttale seg om til regulanten før dei tar kontakt, ei eventuell fullmakt må avklarast.
- Sendt forespørsel til Statskog angående basestasjonane til sau, fekk tilbakemelding om å få oversikt over og formalisert beitegrensene og leigeavtalar.
- Ein båt igjen på Røldal fjellstyre som ikkje vart funne i vinter, vil legge denne i «haugen» til Ullensvang fjellstyre. Røldal fjellstyre seier seg ferdig med «båtvrakprosjektet».
- **Gamlabua** – Einigheit rundt innkjøp av nytt solcelleanlegg.
- **Eriksbu** – Arbeid der ei veke til sommaren, helikopter inn med utsyr og folk.
- **Ninive** – Gjenstår utarbeid. Må fyllast i drenering, køyra vekk massar som ligg i vegen for uthuset. Ynskje om å leige personell til å gjere ferdig arbeidet her. Leiar skal undersøke dette.
- Arbeidet med å renovere gamle utedoen på Ninive er ikkje påbegynt.

Vedtak (sak 27/24):

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 481 03 170- epost: leiar.roidal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 482 70 778- epost: roidal@fjellstyrene.no
www.hardangervidda-fjellstyra.no



Tor Helge får fullmakt til å gjennomføre EL-fiske i Holmavatnet.

Sak 28/24: Søknad om samjakt frå HA290

Saksdokument:

- 2024.05.15 – Utkast Samjaktavtale med HA290

Saksutgreiing (THHT):

Røldal fjellstyre hadde i heile førre fjellstyreperiode samjaktavtale med HA290. Frå underteikna sin ståstad var dette eit fungerande samarbeid. I all hovudsak er samjaktområdet rundt Vivassdalen og Middalen. Underteikna vurderer det slik at det ikkje har vore nokon negative tilbakemeldingar på jaktutøvinga som (direkte) kan sporast tilbake til samjaktavtalen. Sakshandsamar meiner difor at ein skal gå inn for å vidareføre avtalen.

Hovudintensjonen med å inngå ein lenger samjaktavtale for fire år sidan, var å «sikre» våre innanbygdsjegerar jaktkort òg i periodar med låge fellingskvotar på Hardangervidda. Til dømes var det i 2018, fleire av våre jegerar som ikkje fekk tildelt jaktkort av fjellstyret. I 2020, når førre avtale vart inngått, tyda alt på at det i dei komande åra ville igjen ville verte få fellingsløyve. CWD-situasjonen snudde dette bilete på hovudet.

Den førre samjaktavtalen er «bygd opp» slik at den i år med mange fellingsløyver, vil vere betre for HA290. I år med mindre fellingsløyver, vil den vere betydeleg betre for Røldal fjellstyre. Sakshandsamar meiner ein bør halde på dette prinsippet også i ei eventuell forlenging av avtalen.

Det som har endra seg sidan 2020, er bestandsstorleiken, samansetninga av bestanden, og framtidsutsiktene til villreinstamma på Hardangervidda. Det verkar urealistisk at ein skal kome i ein situasjon der ein går inn for freding av dei attverande dyra. Behovet for kontinuerleg CWD overvaking, og eit betydeleg ynskje om CWD-prøvar, kjem truleg til å prege kvoteforslaga i mange år framover.

Fjellstyret bør difor vurdere om ein skal revidere nokre av punkta i samjaktavtalen. Visar då til vedlagt utkast til samjaktavtale i sin heilheit.

Framlegg til vedtak:

Ingen.



Referat:

Anita Rabba melde seg som inhabil i denne saka.

Anne Marie Gamlem Rabba kjem inn som vara.

Diskutert fordeler og ulemper rundt samjaktavtalen og langsiktig vurdering av situasjonen. Prisen har stege frå 700 til 1000 frå førre avtale, einigheit om at dette framleis er eit rimeleg tilbod.

Vedtak (sak 28/24):

Fjellstyret vedtek å underskrive samjaktavtalen slik den framkjem i saksdokumentet.

Sak 29/24: «CWD-prøvetaking» - eventuelle lokale initiativ

Saksdokument:

Saksutgreiing (THHT):

Fjellstyret må ha som mål at prøvetakinga på Røldal Statsallmenning er 100% - då med tanke på:

- fullverdige prøvar (hjerne- og lymfeprøve)
- registrering på Hjorteviltportalen
- Ein bør òg etterstreba at ein aukar talet nøyaktig målte slaktevevter på bukk, samt samlar inn så mange kjevar som mogleg (for aldersbestemming).

Prøvetakinga til fjellstyret var i fjor OK, og ein bør streva for å oppnå forbetringar i 2024. Dessverre får ein ingen ekstern hjelp til dette. Underteikna har prøvd å «dra i gong» eit initiativ på tvers av fjellstyra/grunneigarane/villreinutvalet, men det er lite livsgnist å spora hjå andre.

På eige initiativ forsøkte fjellstyret i fjor å premiere ein av jegerane som gjorde «sakene sine» bra. Då var gulrota ei pengegåve, som vart trekt mellom alle dei jegerane som leverte korrekte prøvar. Underteikna meiner fjellstyret bør vurdere å gjere det same i 2024.



I tillegg har dette kome fram i lokalavisa no i mai:

Tidlegare har dei fleste anslått slaktevekta om dei har rapportert inn denne, men no vil dette i utgangspunktet ikkje vera godt nok. Villreinnemnda vil pålegga rapportering om felte dyr med heimel i hjorteviltforskrifta § 32., og dette inkluderer altså kjevar.

I § 34 kjem det fram at Villreinnemnda kan nekta tildeling av frie fellingsløyve for jakt på villrein følgande jaktår ved utilfredsstillande rapportering av fellingsresultat eller andre pålagde innsamla opplysningar. Hamre trur ikkje ein vil handheva dette strengt det første året, og meiner at ein må verta møtt med velvilje om ein feller dyret langt ute i terrenget og må beina ut før transport og moglegheit for å vega.

Fjellstyret risikerer no altså å verte nekta fellingsløyve til neste år, om ikkje prøvetakinga er bra. Dette må kommuniserast ut til jegerane. Fjellstyret har på si side ikkje lovheimel til å nekte å dele ut fellingsløyve, ei heller til jegerar som ikkje rapporterer i samsvar med lovverket.

At det skal vere behov for kjøtvekt med seg på jakt er altså nytt. Fjellstyret må vurdere korleis ein skal forhalda seg til dette. Til dømes kjøpte Eidfjord fjellstyre i fjor inn bagasjeveker til sine jegerar (desse kostar om lag 100 kr per stykk). Røldal fjellstyre kjøpte inn skikkelege analoge slakteveker òg hang i fjellstyrehyttene. (I tillegg fekk Røldal fjellstyre 5 slakteveker frå stiftinga «Redd Villreinen». Desse vart delt ut til utvalde heldiggrisar.)

Framlegg til vedtak:

Røldal fjellstyre vidarefører «premieordningen» frå i fjor. Ein trekkjer ein pengepremie på kr 2300 blant dei av våre innanbygdsjegarar som utfører rapporteringa prikkfritt. Dette betyr komplett CWD-prøve (hjerne og lymfe), vegen slaktevekt og innlevert kjeveprøve.

Røldal fjellstyre kjøper inn 50 bagasjeveker og delar ut saman med fellingsløyva.

Referat:

Styret samla seg om forslag til vedtak.

Vedtak (sak 29/24):

Røldal fjellstyre vidarefører «premieordningen» frå i fjor. Ein trekkjer ein pengepremie på kr 2300 blant dei av våre innanbygdsjegarar som utfører rapporteringa prikkfritt. Dette betyr komplett CWD-prøve (hjerne og lymfe), vegen slaktevekt og innlevert kjeveprøve.

Røldal fjellstyre kjøper inn 50 bagasjeveker og delar ut saman med fellingsløyva.



Sak 30/24: Fjellstyrehytta i Ulevåbotn – veggen vidare

Saksdokument:

- 2022.11.11 Anbudsunderlag for Ulevåbotn
- 2022.11.21 Anbud renovering Ulevåbotn
- 2024.05.08 INN Gjensidige – Erstatningsberegning – Ulevåbotn

Saksutgreiing (THHT):

I sak 19/24 vart det gjort vedtak om at underteikna fekk fullmakt til å inngå leigekontrakt for fjellstyrehytta Ulevåbotn. Det vart tatt kontakt med leigetakar, som såg utfordringar til det skisserte forslaget. Ein avtalte likevel å oversende papira, slik at det kunne fremjast eit alternativt forslag til fjellstyre. Lenger kom ein ikkje.

I slutten av påsken vart underteikna informert om at det var oppdaga skade på taket – nokre takplater var forsvunne i vinden. Handverkar vart kontakta, motorferdselsløyve tildelt, og forsikringsselskapet vart involvert. Resultata av dette finn ser ein i den vedlagte erstatningsberegninga. Tida er no gått frå oss. Fjellstyret må ta ei endeleg avgjersle på kva ein skal gjere med husa i Ulevåbotn.

Underteikna minnar om at ein i tillegg har problem med veg og bruer bort til stølen. Ein har fått løyve av Statskog til å stenge veggen med bom om ein ynskjer. Sakshandsamar visar til innhenta «renoveringsanbod» for ein viss oversikt over kva utgifter ei renovering vil medføre.

Noko historikk som er viktig å ha med seg:

- Då fjellstyret ikkje har nokon gamle protokollar, er det umogleg for oss å seie noko om kor gamal stølen er. Truleg har det vore aktivitet i Ulevåbotn i sær lang tid.
- Det har ikkje vore ein aktiv støl sidan 90-talet. Noverande leigetakar overtok rundt 2005. Husa var då i sær dårleg stand, og det er truleg noverande leigetakar sin forteneste at stølshusa ikkje vart total øydelagde då.
- På 2010-talet var det eit større arbeid, kor Statskog inngjekk festekontraktar på stølane våre på Haukeli. Av utvisningsforretning datert 16.juni 2015 blei stølshuset omdefinert til Fjellstyrehytte.
- I 2019 vart det store planar for Ulevåbotn (sjå sak 13/19 og 28/19). Ein byrja så smått å tenkje på å rive hytta, og byggje opp at ei ny ordinær fjellstyrehytte. Det vart då tanken at denne hytta skulle leigast ut aktivt på den «opne» marknaden. Underteikna delar dåverande fjellstyre si vurdering av at dette truleg vil kunne vere lukrativt økonomisk.
- I 2019 fekk dei fylgjande tilbakemeldingar frå kommunen på kva prosess ein måtte gjennom for å få byggje ny fjellstyrehytte:
 - o Restriksjonar i forhold til vern: Det finns ingen restriksjonar i forhold til vern. Bygningen er ikkje SEFAK-registrert.



- Bruksendring: Ved søknad om ombygging må det og søkjast om bruksendring frå stølshus til hytte. Ved søknad om riving og nybygg må det koma fram i søknaden kva nybygget skal nyttast til.
 - Punkt feste og kontorforretning: Registrering av punkt feste kan takast som kontorforretning.
 - Løyve til ombygging/riving og nybygg krev dispensasjon frå LNF-området i kommuneplanen.
 - Bygget ligg i NVE sine aktsemdsområder for ulike typar ras. Både ved nybygg og ved bruksendring av eksisterande bygg må rasproblematikken avklarast før me kan gjere vedtak.
 - Søknaden skal på høyring til fylkesmann, fylkeskommune og villreinnemnda.
- Det vart lagt opp til å gjere vedtak i saka i 2019, men «*Seim meinte Røldal fjellstyre burde leggje saka om Ulevåbotn «på is» inntil vidare inntil nytt fjellstyre er vald hausten 2019»*».
 - Førre fjellstyre har ikkje gjort noko å skryte av når det gjeld Ulevåbotn. Styret i førre periode bestemte seg relativt kjapt for at ein ikkje ynskjer å leggje opp til ytterleggjare turistverksemd i dette området. Underteikna si meining er at dette standpunktet står seg, og må seiast å vere ytterlegare forsterka av det dagsaktuelle fokuset på villreinen, deriblant fokuset aktivitet i randområda. For underteikna framstår ideen om ei «utleiehytte» i Ulevåbotn dermed som ein uaktuelt tiltak.

Framlegg til vedtak:

Ingen.

Referat:

Det vart avkortingar i forsikringssummen på grunn av den dårlege standen hytta er i.

Dette er ei hytte som truleg ikkje vil ha særleg stor verdi for våre innanbygdsbuande brukarar. Det vart diskutert om hytta skal vølast opp, og leigast ut ordinært som ei fjellstyrehytte. Lite ynskjeleg å følgje opp ansvar og arbeid slik utleige vil medføre. Vart diskutert korleis leigeforholdet skal vere vidare med nåverande leigetakar. Fjellstyret må sterkt vurdere å stenge vegen med tanke på dei øydelagde bruene. Fjellstyret vart einige om å høyre med nåverande leigetakar om vidare utleige. Fjellstyret kan ikkje prioritere å bruke større summar på denne hytta. Målet til fjellstyret er at hyttene skal vere attraktive og tilgjengelege for alle våre brukarar.



Vedtak (sak 30/24):

Fjellstyret arbeider vidare med saken slik som det framkjem av referatet.

Sak 31/24: Leigekontraktar – stølar, beite og hytter på Haukeli

Saksdokument:

- Referat møte noverande beiteleigar Midtfjellsvodlen
- Referat møte noverande beiteleigar Nupshadlene
- Referat møte noverande beiteleigar Ståvassvikja

Saksutgreiing (THHT):

Tor Helge har sidan førre fjellstyremøte hatt fysiske møter med dei tre beiteleigarane. I desse møta har underteikna forsøkt å kommuniserer fjellstyret sitt syn, og agenda, i arbeidet. Beiteleigarane har på si side fått presentert sine innspel og kommentarar til dei føreslåtte kontraktane.

Dessverre kjem det òg fram nye innspel til dei ferdigstille beitereglane, og beitefelte. Sjølvsaugt sterkt beklageleg, men underteikna meiner fjellstyret likevel bør ta med seg innspela inn i det vidare arbeidet.

Ein visar til eige oppsummering av innspela frå dei tre beiteleigarane. Slik underteikna ser det, bør ein bruke litt ekstra tid på å gå gjennom desse forslaga, då det ser vanskeleg ut å lande alle desse kontraktane berre som ein sak i dette fjellstyremøte.

Sakshandsamar føreslår difor å gjennomføre eit eige møte, kor ein berre behandlar denne saka.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret utsett saka, og behandlar den i eige møte den

Referat:

Dei ulike problemstillingane vart drøfta. Det vart semje om å utsette saka til eit eige møte.



Vedtak (31/24):

Vedtak om eige møte på saka. Nærmare dato kjem etter kvart.

Sak 32/24: Røldalsmarknaden

Saksdokument:

Saksutgreiing (THHT):

Ein må planleggje fordeling av arbeidsoppgåver, og kva ein skal gjere i lavvoen.

Må gjere:

- Vere tilstades
- Rigge opp lavvo
- Hente benkar og bord.
- Bålpanna eller oppslagstavla?
- Lage til eventuelle aktivitetar

Tor Helge foreslår:

- Hovudaktivitet: Kortutdeling
- Kutte ut jaktlotteri – mykje arbeid – berre middels interesse.
- Liten quiz?

Lite originalt. Betre forslag mottas med takk!

Framlegg til vedtak:

Ingen.

Referat:

Planla klargjering av stand til markanden, med lavvo og benker. Andre ordne benker og bord.

Bålpanna vert henta ved behov. Oppslagstavle må opp, høyrer med skulen om dette.

Vart einigheit om at ein skal slutte med jaktlotteri.

Vart diskutert om ein heller skal ha quiz – innkjøp av premie, eksempelvis «Jetboil»

Diskuterte fordeling av arbeidsoppgåver og tidspunkt for kven og kva tid dei skal vere tilstades for å dele ut jaktkort.



Vedtak (sak 32/24):

Fjellstyret kjøper inn eit par «skikkelege» premiar til quiz'en.

Sak 33/24: Sommarsesong og reinsdyrjakt

Saksdokument:

Saksutgreiing (THHT):

- Den eine av våre utanbygdsjegarar hadde òg fellingsløyve hjå oss i fjor. Han driv med eit dokumentarfilmprosjekt, og planlegg soleis å bruke mykje tid i Hedlevass i haust. Det er indirekte kome førespurnad om han kan få ein «spesialavtale» på leige av Gamlabua.
- Tor Helge planlegg diverse prøvefiske. Om tida strekk til er sjølvsagt uvisst.
- Det gjenstår ein god del utearbeid rundt Ninive.
 - o Jord- og steinmassar må tilbakeførast rundt hytta og uthuset. Overskuddsmassane bør flyttast i eit lagleg urhol.
 - o Det bør vurderast om ein skal forsøkje å mure opp ein steinmur under den nye utedassen.
 - o Renovering av den gamle utedassen gjenstår framleis.
 - o Tor Helge vil fullføre arbeidet rundt «kompostkummen» til utedassen, men kjem ikkje til å prioritere å det andre. Fjellstyret må vurdere alternative løysingar.

Framlegg til vedtak:

- Røldal fjellstyre tilbyr Kalle, og inntil ein hjelpemann, å bruke Gamlabua i reinsdyrjakta f.o.m. 26.august og ut sesongen på same vilkår som våre innanbygdsjegarar.
- Fjellstyret leiger personell til å ferdigstille utearbeidet rundt Ninive. Leigar får fullmakt til å inngå avtale.

Referat:

Diskutert å leige personell til å ferdigstille Ninive. Innspel frå sekretær om dette er arbeid for fjellopsynet. Leiar undersøker dette vidare.



Vedtak (sak 33/24):

- Røldal fjellstyre tilbyr Kolle, og inntil ein hjelpemann, å bruke Gamlabua i reinsdyrjakta f.o.m. 26.august og ut sesongen på same vilkår som våre innanbygdsjegarar.
- Fjellstyret leiger personell til å ferdigstille utarbeidet rundt Ninive. Leigar får fullmakt til å inngå avtale.

Sak 34/24: Høyringsfrist miljørevisjon LYSE KRAFT DA

Saksdokument:

Saksutgreiing (THHT):

Røldal fjellstyre er tilsendt dokumenta for konsesjonssøknaden, og revisjonssøknaden, til RSK anlegga. Dokumenta ligg her:

<https://www.nve.no/konsesjon/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=8571&type=V> og her:
<https://www.nve.no/konsesjon/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=9236&type=V>

Underteikna har byrja så vidt å sjå på det, men dette er eit omfattande arbeid. Fjellstyret må ta stilling til korleis ein skal «angripe» dette. Frå min ståstad, bør ein her truleg måle med «så brei pensesel» som råd. Per no tenkjer underteikna at ein bør sende innspel om:

- Røldal fjellstyre si oppfatning av ein miljørevisjon er at det skal kome reelle miljøforbetringar. Fjellstyret greier ikkje sjå kva desse miljøforbetringane vil vere i statsallmenninga
- Ytterleggare utgreiingar om konsekvensane tiltaka vil få for reinsdyra.
 - o Det må brukast dei nye GPS-dataa frå bukkar (etter 2020).
 - o Stillast spørsmål med kva miljøforbetringar villreinen faktisk får. Og kva vern ein skal forvente villreinen har i verneområda.
 - o Konsekvensen av «pumpekraftmagasin» i Votna, Valldalen og Holmavatn må utgreiast tydeleg. Ein må sjå på alternative magasin. Til dømes Sandvatn i Suldal.
- Årlege løyvingar til villreinfond må på plass.
- Årlege løyvingar til fiskefondet i Røldal må innførast.
- Ein må krevje å få tilbake fisk i alle vatna det var fisk i før reguleringa. Tilsvarende må ein krevje å få behalde fisken i dei vatna kor det er fisk no. Det må soleis til ei fiskekyndig vurdering av kva fiskeutsettingar som vil vere forsvarleg.
 - o Krav om jamleg prøvefiske, og ei adaptiv fiskeforvaltning. Regulanten må få ansvaret for å kultivere overbefolka vatn.
- Fjellstyret krev full bruksrett på alle anleggsvegar anlagt på, og inn i, statsallmenninga.



- Det må tilretteleggjast fasilitetar for enkelt båtutsett i magasina på Røldal Statsallmenning
- Det må lagast eit nytt, brukande, båtutsett i Votna.
- Røldal fjellstyre krev at arbeid utført i statsallmenning, til dømes fiskeutsetting, eller snømåling, skal tilbys fjellstyret si oppsynsteneste.

Dette er «brainstorming». Truleg gjev det ikkje meining å «krevje» alt. Men dette er i alle fall ei byrjing. Ytterlegare innspel vert mottatt med takk. Fjellstyre må bestemme seg for vegen vidare, delegere ansvaret, og avgjere korleis ein skal godkjenne høyringssvaret.

Framlegg til vedtak:

Ingen.

Referat:

Det vart gått gjennom saksutgreiinga.

Forslag frå leiar om at han skal gå gjennom utkast og bearbeide dette, og legge dette fram for fjellstyre.

Vedtak (sak 34/24):

Leiar utarbeidar skriv, fjellstyre går gjennom dette seinare.

Sak 35/24: Søknad om økonomisk støtte til opparbeiding av kvileplass

Saksdokument:

- 2024.05.14 INN Søknad om støtte til opparbeiding av kvileplass ved Røldal bygdemuseum

Saksutgreiing (THHT):

Det er kome søknad om økonomisk støtte til «kvilestad» for bebruarane i/rundt Gamlaheimen. Visar til søknadsteksten i sin heilheit. Tiltaket skal etablerast attmed Bygdavegen ved Eldhushaugen. Det er henta inn eit kostnadsestimat som visar at tiltaket vil kome på om lag kr 56 750.



Fjellstyret har høve til å tildela midlar til ålmennyttige føremål i bygda, jf. fjellova § 11. I håndboka til fjellstyra (<https://handbok.fjellstyrene.no/>) finn ein:

Etter dagens retningslinjer kan fjellstyrene årlig disponere inntil 5 % av bruttoinntektene til allmennyttige formål. Dersom 5 % av bruttoinntektene utgjør kr. 20 000,- eller mindre, står fjellstyrene imidlertid fritt til å avgjøre om de i løpet av året vil bevilge inntil kr. 20 000,- til allmennyttige formål. Fjellstyret har med dette fått full frihet innenfor disse rammene, men må innhente godkjenning hos Statskog SF dersom de ønsker å gå ut over disse rammene.

Dette må tolkast som at fjellstyret kan bruke inntil 5% av forventa bruttoinntekt kvart år. Sakshandsamar tenkjer då det er naturleg at forventa bruttoinntekt er gjeve frå det vedtekne budsjettet. Dette var kr 644 000. I det same budsjettet er det vedtatt at ein i 2024 kan nytte inntil kr 30 000 på allemennyttige formål. Sakshandsamar meiner soleis at ein skal forhalde seg til dette talet i 2024.

Når det gjeld dette spesifikke tiltaket, meiner underteikna at tiltaket treff ei gruppe som fjellstyret dei seinare åra ikkje har bevilga noko direkte økonomisk støtte til. Slik sett, ville det vore fint, om fjellstyret òg hadde gjeve økonomisk støtte til eit tiltak som gagna dei eldre.

Framlegg til vedtak:

Røldal fjellstyre støttar det omsøkte tiltaket med kr 15 000.

Vedtaket er gjort med heimel i fjellova § 11 tredje stykket.

Referat:

Styret samla seg om forslag til vedtak.

Vedtak (sak 35/24):

Røldal fjellstyre støttar det omsøkte tiltaket med kr 15 000.

Vedtaket er gjort med heimel i fjellova § 11 tredje stykket.



Sak 36/24: Samjaktavtale mellom Ullensvang og Røldal fjellstyre

Saksdokument:

- 2024 Utkast Samjaktavtale Ullensvang og Røldal

Saksutgreiing (THHT):

Røldal fjellstyre fekk i førre fjellstyreperiode til ein avgrensa samjaktavtale med Ullensvang fjellstyre. Underteikna har arbeid for å vidareføre denne òg i denne fjellstyreperioden. Dette arbeidet har no bert frukter! Visar til samjaktavtalen i sin heilheit. Avtalen har dei same geografiske avgrensingane, samt dei same tidsavgrensinga, som den førre avtalen.

Vilkåra er:

Det er ein føresetnad for samjaktavtalen at Ullensvang fjellstyre får forkjopsrett på fellingsløyver til sine innanbygdsjegerar når Røldal FS har overskot på kort.

- Ullensvang fjellstyre må varsle Røldal fjellstyre om behovet innan 15.mai same år.*
- Prisen vert sett til 75% av Ullensvang FS sin innanbygdspris.*
- Røldal FS betaler fellingsavgifta.*
- Ullensvang fjellstyre kan velje å ikkje nytte seg av forkjopsretten, men utsetje dette til seinare år. Det skal vere mogleg å spare seg opp inntil fire år med forkjopsrett. Forkjopsretten på overskotskort vil vere gjeldande sjølv etter utløp av denne avtalen.*

Samjaktavtalen gjeld berre innanbygdsjegar, og berre i felles jakttid for dei to statsallmenningane. Fjellstyra står fritt til å avslutte reinsjakta når dei måtte ynskje.

Den største endringa frå den førre avtalen er «kulepunkt iv.» Inngår me denne avtalen forpliktar altså noverande fjellstyre seg å tilby innanbygdsjegarar frå Ullensvang fellingsløyver i år ut over denne fjellstyreperioden.

Fjellstyret skal vere forsiktig med å inngå avtalar som forpliktar framtidige fjellstyrer. Spesielt bør dette gjelde samjaktavtalar, då desse har potensiale til å verte kontroversielle. Underteikna er likevel av den formeining av at ein i dette tilfellet bør inngå samjaktavtalen innafor dei premissa som Ullensvang fjellstyre har sett for sitt vedkomande.

Framlegg til vedtak:

Leiar får fullmakt til å inngå samjaktavtale med Ullensvang fjellstyre med dei vilkåra som kjem fram over.



Referat:

Det vart diskutert dei ulike fordelane og ulempene med avtalen. Styret samla seg om forslag til vedtak.

Vedtak (sak 36/24):

Leiar får fullmakt til å inngå samjaktavtale med Ullensvang fjellstyre med dei vilkåra som kjem fram over.